



Velkomen til kafe på Fjellandsbø.

Elevane i 6. klasse på Uskedal skule inviterte til kafe på Fjellandsbø i dag. I det gamle og tradisjonsrike tunet var ramma perfekt for ei samling, slik nokre minnst frå den tid var Fjellandsbøstemne. Med frammøte frå Utåker til dei inste bygder var klassen godt nøgd med salet og inntekta i klassekassen.



Kafejentene, Deimante Zemaitarityte, Sigri Lekva, Mathilda Valvatna Kristiansen, er bak disken i den gamle stova og sel kaffi, saft, vafler og muffens.

I kaffeen fekk du kjøpt kaffi, saft, ulike typar muffens og vafler med syltetøy Klassen delte på å vera vetsskap. Ute kunne du vera med på tre ulike konkuransar. Det var hestskokasting, stige-kasting og å tippa vekta på ein pose med snop og sjokolade. Å kasta pose på papirark, som hang på ein stige, med ulike poengsummar, var eit nytt spel for mange.



[Det var til tider folksamt i det gamle tunet på Fjellandsbø i dag.](#)

Inntekta frå kafeen skal gå til klassekassen og brukast på klassetur til Bergen før skuleferien tek til. Dei skal på Rush, ein stor trampolinepark med mange og ulike aktivitetar. Klassen var mest fulltalig i dag og foreldra har hjelpt til med baking og alt det praktiske.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Å kasta på poengark festa til ein stige, var eit nytt spel for mange.